


Nyhetsbrev 15. nov. - 2021

TILSYNSKALENDER

Prosjektfaser 2018 - t.o.m. 2021



Da nærmar vi oss slutten av fase 3 - og slutten på heile prosjektperioden for Tilsynskalenderen. Lansering av den «nye» Tilsynskalenderen er sett til 17.nov. 2021. Dette vil vi markere same dag med eit WEBINAR frå kl. 13.00 til 14.00. Viser til utsendt invitasjon med lenke til webinar.

Vårt mandat i fase 3 har som kjent vært:

- følge opp forbetningsarbeidet som ikkje ble utført i fase 2
- sørge for at integrasjon med TILDA blir satt i produksjon våren 2021
- vurdere og prioritere tekniske innspel som forbetrar brukaropplevinga i tilsynskalenderen
- sørge for at prioriterte tiltak blir implementert etter oppsett aktivetsplan
- gjennomføre en sluttevaluering av prosjektarbeidet (fase 3 har ikkje mandat til evaluering av drifta og effekten av Tilsynskalenderen)
- forbetring av brukargrensesnittet
- teknisk bistand til NKRF i deira utviklingsprosjekt

Vi kan med dette formidla at vi har kvittert ut kvart punkt i mandatet. I dag presenterer vi Tilsynskalenderen i «ny» drakt, med forbetring av brukaropplevinga og eit betre brukargrensenitt. Prosjektet har også teke hand om forbetningsarbeidet som er spelt inn frå brukarane, og prioriterte tiltak frå forbetningsarbeidet er implementert i Tilsynskalenderen.

Vi har samarbeidet godt med prosjektet «Deling av tilsynsdata»(TILDA) som no er avslutta og sett i produksjon. TILDA skal gi tilsynsmyndigheitene moglegheiter til å dele data og samhandle på tvers. TILDA gjer det mogleg med deling av data mellom statlege tilsyn. Gjennom TILDA kan ei rekke statlege tilsynsmyndigheiter og Brønnøysundregistrene frå august 2021 samhandle betre gjennom å dele data og effektivisere tilsynsarbeidet. Det er i samarbeid med TILDA vi i fase 3 har arbeidet for å få til ei god løysning for integrasjon mellom Tilsynskalenderen og statlege tilsynsmyndigheiter.

Norges kommunerevisorforbund(NKRF) har enda ikkje kome i gang med sitt utviklingsprosjekt, men vi har hatt deltaking i prosjektet frå NKRF, og prosjektet vårt har gjeve råd om korleis dei best kan innrette sitt utviklingsarbeid.

Lykke til med bruken av Tilsynskalenderen

Vigdis Rotlid Vestad
prosjektleder